



**LIATOPPEN
SKISENTER**



Ål idrettslag og Liatoppen Skisenter skal starte eit 1-årig fellesprosjekt for planlegging, finansiering og systematisering av felles administrasjon og leing av laga og arenane.

Tilsvarande prosjektutgreiing er allereie etablert for rekneskapssystem og rutinar.

Ved Liatoppen skisenter er det allereie etablert eit samarbeid mellom idrettslaga i Fjellet, Torpo, Ål og Ål Skiskytterlag som eigarar av anlegget.

Skiskytterstadion og langrennsarenaen er ein godkjent nasjonalarena med mange store renn som NM og Norgescup.

Ål Idrettspark, Bråta er sjølvleid hovudarena for Ål IL med sine 9 grupper, der fotballgruppa er den største og initiativtakar til utvikling av anlegget med to kunstgrasbaner, treningsbaner, tennisbaner, friidrettsbaner og Elvelangsarenaen som går gjennom heile anlegget.

1-ÅRIG PROSJEKTOPPDRAK

Ål IL og Liatoppen vil leige inn ein prosjektleiar inntil 60 % med mogleg oppstart 15. april 2021 og eitt år fram i tid, for å avklare korleis:

- Styrke samarbeidet mellom idrettslaga og mellom arenaer.
- Tydeleggjere profilen og forsterke haldningsskapande arbeid.
- Styrke profil ved anlegg og arenaer for å auke sponsorinntekter.
- Styrke Ål som arrangementskommune og synleggjere anlegg og arenaer.
- Lette rekrutteringa til friviljug arbeid.
- Hindre fråfall i aldersgruppa 13-16 år.
- Fritidserklæringa: Alle barn, uavhengig av foreldra sin sosiale og økonomiske situasjon skal ha moglegheit til å delta jamleg i minst ein organisert fritidsaktivitet saman med andre barn.
- Utvide tilbodet til vaksne brukargrupper.
- Støtte opp om målsettinga for folkehelse i Kommuneplanen.
- Organisere web og e-post.

Prosjekthonorar etter avtale.

Interesserte prosjektleiarar bes søkje/melde interesse innan 22. mars til

Svein T Furuhaug: på e-post Svein.Furuhaug@aal.kommune.no mobil 915 18 610